



# DET KONGELEGE BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Barne- og ungdomsorganisasjonar  
Landets kommunar og fylkeskommunar  
Kommunale og fylkeskommunale ungdomsråd

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/262-

17. februar 2023

## **Invitasjon til å nominere kandidater til Årets ungdomskommune**

Regjeringa har eit mål om at ungdom skal ha høve til å påverke sine lokalmiljø og medverke i utforminga av politikken i kommunane. Det er ein grunnleggjande rett at alle barn og unge, uansett kjønn, seksuell orientering, funksjonsnivå, bakgrunn og bustad har høve til å delta i og påverke samfunnet.

Eg ønskjer å stimulere til utvikling av gode oppvekstkår i kommunane, og til å auke dei unge si påverknad i sitt eget lokalmiljø. Det har dei rett til, i følgje Barnekonvensjonen si § 12 om retten til å bli høyrtd i saker som gjeld dei og deira liv.

Dei unge bur i kommune-Noreg. Difor er lokalmiljøet den viktigaste plassen for medverknad, og for å gje unge gode oppvekstkår.

I 2021 vart Vefsn kommune kåra til årets ungdomskommune på Ungdomskonferansen i Kristiansand. Sidan då har verda forandra seg. Vi er ute av ei pandemi, men det er krig i Ukraina, større klimaendringar og energikrise. Det gjer at mange unge kjenner meir usikkerheit om si eigen framtid. I krisetider er det ekstra viktig at vi legg til rette for at unge får delta, medverke i lokale avgjerdsprosessar, og at synspunkta deira blir høyrtd og vektlagd. Vi må ta dei unge på alvor, og sjå dei som ein ressurs.

Eg inviterer med dette til å nominere kandidatar til Årets ungdomskommune 2023. Kandidatane må ha utmerka seg med eit særleg arbeid for unge sitt høve til deltaking og medverknad i si kommune. Medverknad frå unge er ei føresetnad for god, lokal ungdomspolitik. For Årets ungdomskommune skal dei unge sitt engasjement og synspunkt vere synlege i prosessar og vedtak.

Statsforvaltar, kommunar og fylkeskommunar, barne- og ungdomsråd og liknande medverknadsorgar og barne- og ungdomsorganisasjonar kan nominere kandidatar.

Ein jury nedsett av Barne-, ungdoms og familiedirektoratet vil stå for kåringa av vinnarkommunen. Kriteria som ligg til grunn for kåringa av Årets ungdomskommune og praktiske opplysningar er lagt ved.

Eg håper på eit stort engasjement og mange sterke kandidatar!

Med helsing



Kjersti Toppe